



Norges
vassdrags- og
energidirektorat

Vassdragskonsesjon

I medhold av lov av 24. november 2000, nr. 82 om vassdrag og grunnvann (vannressursloven) § 8, kgl. res. av 15. desember 2000 og fullmakt gitt av Olje- og energidepartementet 19. desember 2000 og 10. desember 2004

gis tillatelse til

bygging av Eikeelva kraftverk

Meddelt: Eikekraft Kraft (SUS)

Dato: **22 APR 2014**

Varighet: Ubegrenset

Ref: NVE 200906342

Kommune: Kvinnherad

Fylke: Hordaland

Vassdrag: Hardangerfjorden øst: Sunde-Ænes

Vassdragnr.: 045.21

[Vert dette dokumentet likevel ikkje aktuelt?](#)

Sjølv om NVE har gjeve konsesjon for utbyggjing av Eikeelva er det mogeleg at prosjektet ikkje vert aktuelt grunna valet av alternativ. Det opplyste leiar av vassverket Hans Reidar Kjærland under årsmøtet ikveld.Konsesjonen er tildelt basert på austsida av vassdraget av omsyn til friluftinteressene men der er det ikkje råd å garantera for reint vatn. Og det kan bli gjeldande i mange år etter utbyggjinga, heldt Kjærland fram.



Parhestane Hans Reidar Kjærland og Terje Myklebust er framleis leiarane i vassverket

Vassverket kjem med det fyrste til å klage på avgjerda og håpar at det let seg gjera å endra ho. Men vassverkleiararen uttala seg positivt om det planlagde kombinerte prosjektet og uttrykte håp om eit samarbeid med kraftutbyggjarane.

Leiinga for vassverket er uendra etter årsmøtet. Både Kjærland, Anne Guri Kildal og Øyvind Sture vart attvald i styret der Johannes K. Feet, og Tor Ove Rød også sit. Dagleg leiar er no som gjennom mange år før Terje Myklebust.

Ved siste årsskifte hadde vassverket 435 luteigarar. At det er ei kvinne av dei 5 faste medlemmene i styret gjenspeglar fordelinga mellom luteigarane,vert det påpeika i årsmeldinga. Ifjor produserte vassverket 250 000 kubikkmeter råvatn frå Eikeelva. 80 prosent går til luteigarar og resten vert rekna som lekkasje på leidningsnettet.

Økonomien er god etter inntekter ifjor på 1 068 600 og driftskostnadar på 1 060 360. Utgifter til vedlikehald var 348 669, noko som i hovudsakskuldast skader etter lynnedslag i hovudanlegget sist haust. Her er det sendt krav til forsikringsselskapet. Ved årsskiftet var gjelda 510 000 koner.

Det er arbeid mykje med tekniske løysingar for nye bustadfelt. Ospelunden og Nedre Halsabrotet vert fyrst utbygd saman med Eikelandet. I Ospelunden var arbeidet godt igang ved årsskiftet og like før jul vart det lagt ny vassleidning til Eikelandet.

Ein av dei viktigaste sakene på årsmøtet var vassavgifta. som etter forslag frå styret vart auka med vel 9 prosent til 2900 kroner. Den har ikke vore auka sidan 2006. Det kommunale avgiftsnivået er langt høgare.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen